

FAKTA

Kort om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid ved søknadsomgangen i januar 2017

- Søknad om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid kan du levere frå og med 1. januar 2017 (registreringsdatoen)
- Søknadsfristen er 20. januar 2017
- Produksjonstilskot er ei fellesnemning for ei rekkje tilskotsordningar som føretak som driv vanleg jordbruksproduksjon kan søkje på
- Tilskot til avløyning ved ferie og fritid er ei refusjonsordning der føretak med husdyrproduksjon kan få refundert utgifter det har hatt til avløyning
- Søknadsomgangen i januar omfattar disse tilskotsordningane:
 - Tilskot til avløyning ved ferie og fritid
 - Distriktstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker
 - Distriktstilskot til matpotetproduksjon i Nord-Norge
 - Tilskot til husdyr
 - Tilskot til bevaringsverdige husdyrrasar
 - Tilskot til økologisk husdyrproduksjon
 - Driftstilskot til mjølkeproduksjon
 - Driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon

Produksjonstilskot i jordbruket

Informasjon til deg som søker om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid med søknadsfrist 20. januar 2017

GJER DEG KJENT MED REGELVERKET

Søker du om produksjon- og avløyartilskot, må du kjenne føresegnene i jordbruksavtala og i forskrift om produksjonstilskudd og avløyertilskudd i jordbruket.

På vår nettside www.landbruksdirektoratet.no, under menypunktet [Produksjon og marked/Produksjonstilskudd/Aktuelle søknadsomgang](#) finn du følgjande informasjon:

- Lenke til elektronisk søknad
- Rettleiingshefte
- Jordbruksavtale 2016–2017
- Aktuelle forskrifter
- Aktuelle rundskriv

NYTT FRÅ JORDBRUKSOPPGJERET

I [rettleiingsheftet](#) om produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket finn du ei oppsummering av dei endringar som følgjer av jordbruksavtalen for produksjonstilskotsordningane og for avløyartilskot:

- Endringar i satsar og intervall.
- Tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar (storfe, sau, geit og hest) er no ei nasjonal ordning som ein del av produksjonstilskotsordningane.
- Kyr av bevaringsverdig rase: Kyrne må ha kalva i løpet av dei siste 18 månadene for å oppfylle krava for husdyrtilskot, driftstilskot og tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar.
- Føretak med rugeeggproduksjon som på registreringsdato har opphald mellom to innsett, kan oppgi talet høner som føretaket disponerte ved førre registreringsdato.
- Storferasen Waguy er tatt inn i lista over storferasar som blir rekna som kjøtferasar i produksjonstilskotssamanheng.

TILSKOT TIL BEVARINGSVERDIGE HUSDYRRASAR

Den nasjonale tilskotsordninga for bevaringsverdige storferasar er utvida til òg å omfatte sau, geit og hest av bevaringsverdige rasar. Du kan søkje om tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar ved søknadsomgangen i januar. Ver merksam på at det er spesielle vilkår for å få tilskot for bevaringsverdige husdyrrasar. Innan registreringsdato 1.1.2017 må dyra vere registrerte i høvevis Kuregisteret (storfe), Sauekontrollen (sau) eller Ammegeitkontrollen (geit). Bevaringsverdige hesterasar må innan registreringsdatoen 1.1.2017 vere stambokførde (rasegodkjende) og ha fått utferda hestepass. Tiltaket inngår ikkje lenger i regionalt miljøprogram (RMP). Sjå rettleiingsheftet kapittel 3.9 for nærare omtale av blant anna kva for rasar som gir grunnlag for tilskot og kva for registreringskrav som gjeld.

TILSKOT TIL AVLØYSING VED FERIE OG FRITID

Ved søknad med søknadsfrist 20. januar 2017 kan du blant anna søkje om tilskot for avløyning ved ferie og fritid. Tilskotet blir gitt for føretaket sine faktiske utgifter til avløyning i 2016. Du må kunne legge fram dokumentasjon på desse utgiftene dersom kommunen ber om det. Grunnlaget for maksimalt avløysartilskot i 2016 blir fastsatt på grunnlag av det tal dyr føretaket disponerte 1. januar 2016. For slakta grisar og grisar selt som livdyr med levande vekt på minst 50 kg, gjæser, kalkunar, ender og kyllingar selt som livdyr og slaktekyllingar, blir talet slakta dyr og talet selte livdyr i løpet av 2015 lagt til grunn.

Tilskot for avløyning ved ferie og fritid som skjedde i løpet av 2016 utbetales i juni 2017.

SISTE GONG DU SØKJER I GAMALT SYSTEM, NYTT SYSTEM I MAI

Søknaden no i januar er siste gong du søkjer i gammalt system og med dei gamle fristane. Frå mai 2017 blir det nye søknadsfristar. Set deg inn i dei nye søknadsdatoene, og ver tidleg ute med å søkje. Det er mogleg å søkje frå 1. mai. Les meir om dei nye endringane på [våre nettsider](#).

ENDRINGAR I TILSKOT TIL AVLØYSING VED FERIE OG FRITID KNYTT TIL NYTT SYSTEM I 2017

Grunnlaget for maksimalt avløysartilskot for avløysarutgifter i 2017 vil bli fastsatt ut frå snittet av talet dyr føretaket disponerer på teljedato 1. mai 2017 (søknaden må sendast inn seinast 15. mai 2017) og 1. oktober 2017 (søknaden må sendast inn seinast 15. oktober 2017). For sau og ammegeit er det talet sauer fødde føregåande år eller tidlegare og talet ammegeiter, som føretaket disponerer 1. mai, som blir lagt til grunn. For a) slakta grisar og grisar selt som livdyr med levande vekt på minst 50 kg, b) gjæser, kalkunar, ender, c) kyllingar og kalkunar selt som livdyr og d) slaktekyllingar, blir det lagt til grunn talet slakta dyr registert i Leveransedatabasen hos Landbruksdirektoratet og talet selte livdyr i løpet av året.

Tilskot for avløyning ved ferie og fritid som skjedde i løpet av 2017, har søknadsfrist 15. oktober 2017, og blir utbetalt i februar 2018.

BRUKARSKIFTE I MJØLKEPRODUKSJON

Dersom du planlegg brukarskifte før eller ved årsskiftet, må du og ny brukar melde frå til meieriet i god tid før brukarskiftet skal skje. For å få produksjonstilskot for mjølkekyr må føretaket disponere mjølkekvote på registreringsdato 1. januar. Ver merksam på at mjølkekvota må vere knytt til organisasjonsnummeret til føretaket som søkjer om produksjonstilskot.

KJØP AV LANDBRUKSEIGEDOM MED MJØLKEKVOTE

Dersom du har kjøpt landbrukseigedom/tilleggsjord med mjølkekvote og allereie eig ein landbrukseigedom, er det viktig at du søkjer Landbruksdirektoratet om flytting/samanslåing av kvote.

Du finn meir informasjon om mjølkekvoteordninga på nettsidene våre under menypunktet [Produksjon og marked/Melk/Mjølkekvoter](#).

HAR DU SPØRSMÅL?

Les i [rettleiingsheftet](#) om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie og fritid som du finn på www.landbruksdirektoratet.no, eller kontakt kommunen din. Du finn og ei oversikt over ofte stilte spørsmål på våre nettsider under menypunktet [Produksjon og marked/Produksjonstilskudd/Ofte stilte spørsmål](#).